



Idrettslaget mottar mest frå ordninga. Allsidige og aktive Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland er flotte førebilete for idrettsungdommane.

**Sidan Grasrotandelen frå Norsk Tipping var innført 01.01.2009, har ordninga tilført vel 200.000 til laga i bygda. Svært gledeleg er det og at summen er klart aukande, og at stadig nye spelarar i Norsk Tipping melder frå om at dei vil vera med på ordninga. Likevel 'meiner' NT det enno er spelarar som ikkje har meldt seg på Grasrotandelsordninga.**



Skulemusikken hentar inn knappe 20.000 på ordninga. Her er dei fleste klar for Karmøy Brassfestival sist haust.

Det er naturleg nok idrettslaget som mottar størst sum. Siste året har dei motteke vel 37.000 kr frå ordninga. Gledeleg er det og at talet på bidragsytarar i same periode har auka med flotte 20, til 110 no frå 90 på same tid i fjor. Dette har nok samanheng med god breidde og aktivitet i laget. Også helselaget har hatt god auke i talet på grasrotstøttespelarar frå 22 for eit år sidan til 29 no. Dei har fått inn ca. 8000 kr på ordninga siste året. Dei fleste av dei andre laga har og hatt auke. Skulemusikken har fått inn ca. 19.000 kr (72 støttespelarar), Røysterett for alle nær 9.000kr(24) og ungdomslaget vel 4.000kr(12) på ordninga. Alt er gode bidrag til viktig aktivitet i bygda.

Det flotte med ordninga er at det kostar ingenting for dei som gjev alle desse pengane til laga i bygda. Derfor bør alle som spelar hos Norsk Tipping vera med på grasrotordninga. Dersom det er nokon som ikkje er med enno, kan dei berre sei frå neste gang dei spelar. Dermed vert ein med og bidrar til aktivitet i bygda vår.

Foto: Ola M. Mathisen  
Tekst: Thor Inge Døssland

